



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Mari Katrine Berg, 5557 2326

Vår dato  
24.07.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2013/16329 471  
Dykkar referanse

Lindås kommune  
Kvernhusmyrane 20  
5914 ISDALSTØ

### Etterlyser avfallsplan og oversikt over hamner i Lindås kommune

Vi viser til våre brev av 5. juni 2014 og 18. juli 2014 der vi etterlyser oversikt over alle hamner i kommunen og avfallsplan for hamner.

#### Kommunen sine plikter

Vi har ved fleire anledningar vist til kommunen sine plikter etter forureiningsforskrifta kapittel 20 om Levering og mottak av avfall og lasterestar frå skip. I forskrifta går det fram at kommunen skal utarbeide og sende følgjande til Fylkesmannen:

- oversikt over alle hamner i kommunen innan 1. januar 2014
- avfallsplan for småbåthamner og hamner der kommunen er hamneansvarleg innan 1. juli 2014

#### Fylkesmannen har ikkje mottatt hamneoversikt

Kommunen har ikkje sendt inn oversikt over alle hamnene i kommunen. Dette er pålagt i § 20-6 i forureiningsforskrifta, og er eit viktig grunnlag for Fylkesmannens oppfølging av hamner som skal lage eigen plan.

Vi ber om at kommunen så snart som mogleg og seinast innan **15. september 2015** sender oversikt over alle hamner i kommunen. Oversikten må innehalde informasjon om kva for hamner som vert inkludert i felles avfallsplan som kommunen skal lage, og kva for hamner som skal lage eigen avfallsplan. Vi ber om at oversikten vert sendt på skjema laga av Miljødirektoratet i excel-format (ikkje pdf), vedlegg 1.

#### Etterlyser avfallsplan for hamner

Etter ei endring i forureiningsforskrifta i 2013 skulle alle hamner sende inn avfallsplan innan 1. juli 2014. Planane skal godkjennast av Fylkesmannen og re-godkjennast kvart tredje år. Vidare har kommunane fått i oppgåve å lage felles avfallsplan for hamner som i hovudsak tar imot avfall frå fritidsbåtar (småbåthamner). Miljødirektoratet har laga gode malar og rettleiarar for arbeidet, sjå vedlegg 2 til 5.

Lindås kommune har ikkje sendt inn avfallsplan for hamner der kommunen er hamneansvarleg eller felles avfallsplan for småbåthamnene i kommunen. Vi vil presisere kravet til innsending av avfallsplan, og ber om at avfallsplan for hamner i Lindås kommune blir sendt inn snarast og seinast innan **1. oktober 2015**.

Med helsing

Hallvard Hageberg  
senioringeniør

Mari Katrine Berg  
overingeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Vedlegg:**

Vedlegg 1 - Miljødirektoratet sin mal for oversikt over hamner i kommunen

Vedlegg 2 - Miljødirektoratet sin rettleiar for avfallsplan i hamner

Vedlegg 3 - Miljødirektoratet sin mal for avfallsplan for småbåthamner

Vedlegg 4 - Miljødirektoratet sin sjekkliste for avfallsplan i hamner

Vedlegg 5 - Miljødirektoratet sitt meldingsskjema

**Kopi med vedlegg til:**

Christian H. Reinshol v/Lindås kommune